



Lagleiarinstruks Eid IL Fotball

Treningsgruppa sin representant:

Alle lag i seriespel f.o.m 9 år skal ha ein lagleiar. For treningsgrupper under 9 år, kan trenarane også fungere som lagleiarar.

Lagleiaren er treningsgruppa og føresette sin representant inn imot klubben.

Lagleiar er også treningsgruppa sin kontaktperson utad. Lagleiar skal møte på klubben sine informasjonsmøter.

Lagleiar skal bistå trenar i å arrangere foreldremøter.

Lagleiar skal sette seg inn i og følgje Eid IL Fotball sine retningslinjer og sportsplan.

Økonomisk aktivitet:

Styret skal ha oversikt over all økonomisk aktivitet i fotballgruppa. Alle økonomiske aktivitetar eller arrangement skal på førehand søkast om, og behandlast i styret før ein set aktiviteten i gang.

Laga skal nytte Fotballgruppa sin driftskonto. Det er ikkje høve til å opprette eigne kontoar knytt til laget.

Lagleiarar skal sjølv føre enkelt rekneskap/oversikt, og ha kontroll på økonomisk aktivitet, som eit supplement til økonomiansvarlig si oversikt. Merk all aktivitet med laget

Spelarlister:

Lagleiar skal registrere og oppdatere spelarliste knytt til laget. Spelarlister vert nytta som arbeidsreiskap for administrasjon av klubben.

Alle spelarar som skal trene og spele kamp for Eid IL Fotball, må ha betalt spelarkontingent og medlemskap i Eid IL.

Lister skal oppdaterast når nye spelarar startar eller sluttar. Hugs at det skal meldast overgang på spelarar som har stått i annen klubb, men no vil spele i Eid IL Fotball.

Deltaking i cup, turneringar:

Eid IL Fotball oppmodar alle lag frå 9 år og oppover om å delta på minimum ei turnering eller cup i løpet av sesongen.

Sparebanken Vest Cup, Toyota Cup, Selje Cup, Kiwi Bama Cup i Sogndal, Lerum Cup, Hessa Cup og Norway Cup er cupar som klubben har gode erfaringar med.

Klubben ønsker at alle lag i aldersgruppa 6 – 13 år skal delta på vår eigen EXTRA Eid Cup.

For meir informasjon, sjå klubben sitt eige regelverk for deltaking på cup og turnering.

Denne informasjonen finn dykk i sportsplanen.

Fordeling av oppgåver til føresette og spelarar:

Alle lagleiarar må bistå styret i å fordele eks. lodd ut til føresette kring treningsgruppa si.

Lagleiarar blir også bedne om å bidra i arbeidet med utsending av dugnadslister og liknande.





Kampavvikling:

Kvar fredag blir det publisert oversikt over komande veke sin aktivitet på anlegga til klubben på trenar og lagleiar side på Facebook. Lagleiar/trenar skal følge med her for informasjon om kor dei skal spele kamp og om laget eventuelt må flytte på treninga si.

Lagleiar ønskjer bortelag velkomen til kamp ved å sende sms til kontaktperson for bortelag dagen før kamp. Ta også med informasjon om bane og kamptidspunkt. Evt også informasjon om garderobe om det er aktuelt.

Dommar:

Informasjon om kven som skal dømme kampane dykkar blir publisert på trenar og lagleiar side på Facebook.

Klargjering av bane:

Lagleiar/trenar må sørge for å merke bana i god tid før kampstart.

Registrering i FIKS:

Alle spelarar frå 13år skal registrerast i FIKS.

Ny tilkomne spelarar i klubben vår, skal melde overgang til Eid og registrerast i FIKS straks spelaren startar trening i Eid IL Fotball. Dette er viktig i forhold til lisensar, spelarkontingentar og medlemskap i Eid IL.

Fair Play Vert/Kampvert:

Alle lag i klubben skal ha Fair Play Vert på samtlige heimekampar.

Verten skal nytte Fair Play vest. Lagleiar kan sjølv vere Fair Play vert eller fordele arbeidet på foreldregruppa. Fair Play verten skal:

- * møte seinast 30.minutt før kampstart
- * ønske dommar og bortelag velkomne
- * vise gjestane tilgang til toalett (garderobe)
- * sjå til at publikum, føresette og andre står på motsett side av innbyttarbenk og trenarar
- * vise ansvar for at spelararar, trenarar og publikum respekterer dommaren. Gripe inn ved behov
- * oppmuntre til positiv stemning og tilrop frå publikum
- * takke bortelaget og dommar for kampen, og ønske bortelaget god tur heim.
- * rydde rundt bana etter kamp

Frukt og kaffi:

Som Fair Play gest serverer vi frukt og kaffi på heimekampane våre. Frukt til begge laga og kaffi til trenarar og evt. publikum.

Lagleiar ordnar liste der dette vert fordelt på føresette. Fair Play vert har ansvar for utdeling av frukt og kaffi.





Transport:

Styret oppfordrar lagleiar til å avgjere saman med foreldregruppa korleis ein ønskjer transport til bortekamper. Er det ønska at føresette køyrer sjølve eller vil ein lage ei fordeling blant føresette - køyreliste.

Eid IL Fotball ønskjer at alle lag har fokus på Trygg Trafikk.

Omberamming av kampar:

Ved omberamming av heimekampar skal dette alltid klarerast med dagleg leiar på førehand.

Ved bortekampar skal vi alltid strekke oss langt for å spele kampen på oppsatt dato, men dersom nødvendig så kan kampane omberammast.

Få oversikt over kampar som må omberrammast så tidleg som mulig og gjennomfør omberramming før 1. april. På denne måten unngår klubben omberammingsgebyr.

Utstyr:

Lagleiar må bidra til å halde orden på utstyr tildelt treningsgruppa.

Sjå til at draktene er presentable (Viktig at sponsormerka er heile). Sjå til at det er nødvendig utstyr i medisineska.

Alle lag skal nytte tildelte drakter. Laga har ikkje høve til å skape eigne klede til cup og liknande arrangement.

Ved spørsmål om utstyr, kontakt styret.

Garderobe:

I ungdomsfotballen får bortelag tilbod om garderobe i Eid Idrettshus ved kampar på Eid Idrettspark.

Ved kampar på Eid Stadion eller Valhall Kunstgras kan både heime og bortelag få nytte seg av garderobe på Klubbhuset.

I seniorfotballen får både heime og bortelag tilbod om garderobe.

Dagleg leiar bestiller garderober for alle lag som har rett på det.

Kontakt dagleg leiar for spørsmål.

Informasjonsverktøy:

Klubben anbefalar alle lag til å nytte Spond for kommunikasjon.

Viktige dugnadsarrangement for klubben:

EXTRA Eid Cup - april, Fotballotteri – mai/juni, Kongleriket Miniputt turnering – august,

Malakoff – juli, Tine Fotballskule - august, Haustdugnad.

